

Kategori: Pasientbehandling/Fagprosedyrer/Død og palliasjon	Gyldig fra/til: 29.09.2023/29.09.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Pasientbehandling	Versjon: 1.00
Godkjenner: Svela, Liv Ingrid	Retningslinje
Dok. ansvarlig: Seksjon for pasientsikkerhet	Dok.id: D76185

## Innhold

1	Formål .....	1
2	Målgruppe .....	1
3	Definisjoner .....	1
4	Ansvar .....	1
5	Gjennomføring .....	1
6	Referanser .....	2
7	Endringer siden forrige versjon .....	2

## 1 Formål

- Å skape tryggleik til den som utfører nøddåp i Helse Bergen sine einingar (føde, barsel, nyfødt, intensiv)
- Nøddåp er gjeldande for alle kristne samfunn.
- Prosedyren er gjeld for alle tilsette som utfører nøddåp dersom det ikkje er mogleg for ein prest å nå fram i tide.

## 2 Målgruppe

Ansatte ved Barne- og ungdomsklinikken og Kvinneklinikken

Prest ved Seksjon for prestatjeneste og etikk

## 3 Definisjoner

Nøddåp er ein dåp som vert utført ein annan stad enn i kyrkja fordi sjukdom eller andre omstende står i vegen for at dåpen kan gjennomførast på vanleg måte. Dåp på sjukehus er nøddåp uansett kven som utfører dåpshandlinga.

Nøddåp er ein fullverdig dåp, og den som er døypt med nøddåp skal ikkje døypast igjen. Det er derimot mogleg å velsigne og stadfeste dåpen i kyrkja i eit ritual ved eit seinare tidspunkt. Her får barnet fadrar og namnet til barnet kan stadfestast av ein prest.

## 4 Ansvar

- Det er **leger, jordmødre og pleiepersonell** sitt felles ansvar å tilby nøddåp, dersom man er i tvil om, barnet vil overleve.
- Dersom det er tid og ynskjeleg frå foreldra, kan ein tilkalle sjukehusprest på Vaktmobil 95890400

## 5 Gjennomføring

Nøddåp vert berre utført på levande barn. Døde barn kan velsignast av prest.

- Nøddåp kan utførast av alle myndige personar som respekterer ein kristen dåp.

- Tilbod om dåp bør helst kome før ein eventuell akutt fase slik at dåpen kan gjennomførast i rolege former.
- Nøddåp av barn krev samtykke frå minst ein av foreldra.
- Det er ikkje nødvendig å nemne namn dersom barnet ikkje har fått namn for å gjennomføre ein nøddåp, men det kan hjelpe foreldra til å gje barnet ein identitet.
- **To vitne** skal vere til stades, dette utanom den som fysisk utfører dåpen. Vitna er ikkje fadrar då dei berre skal bekrefte at dåpen er utført. Utover dette har dei ingen forpliktingar. Foreldra sjølv kan vere vitne.
- Dåpen kan gjennomførast på fødestova, barselrom, nyfødttintensiv eller anna eigna rom i sjukehuset. Dette kjem an på tilstanden til barnet. Foreldra er anbefalt å delta i eventuelle førebuingar dersom dei ynskjer det.
- Foreldra kan invitere med familie og vener under nøddåpen. Søsken kan gjerne få oppgåve som å helle vann, halde dåpsklut eller tørke hovudet.
- Utstyr er ikkje nødvendig for å gjennomføre ein nøddåp, men det er til hjelp for å skape ei verdig ramme som liknar ein dåp i ei kyrkje.
- **Nyfødttintensiv** har lagra utstyr til dåp: dåpsfat, dåpsmugge, dåpsklut, lysestake med lys, duk, dåpskjole i ulike størrelsar og «dåpsliturgi» som kan nyttast dersom det er tid til det, og foreldra ynskjer det.
- Ein bruker temperert vatn som bør stå klart i ei dåpsmugge eller dåpsfat før sjølve dåpshandlinga startar.
- Den som døyper tek litt vatn tre gonger på hovudet til barnet mens ho seier desse orda: Eg døyper deg, «evt namn på barnet», i Faderen og Sonen og Den Heilage And sitt namn». (Dåpsliturgi)
- Dersom barnet ligg i kuvøse, stryk ein i staden vatndropar med fingertuppene tre gonger på barnet sitt hovud mens ein seier orda
- Den som har utført nøddåpen må sørge for at dåpen vert meldt til sjukehusprest. Dette for at dåpen vert meldt og skrive inn i kyrkjebok på heimstaden.
- Som minne om dåpen kan foreldra få med dåpskluten som ein brukte til å tørke av vatn på hovudet

## 6 Referanser

Interne referanser

Eksterne referanser

[2.5.1 Nøddåp, bm](#)

[2.5.2 Kort ordning for nøddåp, bm](#)

[2.5.3 Nøddåp, nn](#)

[2.5.4 Kort ordning for nauddåp, nn](#)

## 7 Endringer siden forrige versjon

[]

